



Skattedirektoratet - Sentralkontoret for folkeregistrering  
Postboks 9200 Grønland  
0134 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3001 - 14/10326

Saksbehandlar:  
Jens Erik Dahl  
jens.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
27.06.2014

## UMS servicevarsling - søknad om tilgang til folkeregister.

Meland kommune søker med dette om løyve til å hente ut folkeregisteropplysningar via online-basert grensesnitt - alternativt som regelmessig datauttrekk.

Grunnen er at kommunen har gått til innkjøp av eit kartbasert system for varsling av innbyggjarane via telefonoppringing og SMS. Systemet vil bli brukt for å varsle/informere om endringar/problem med levering av lovpålagte kommunale tenester, t.d. vatn og avlaup, renovasjon, veg osv. I tillegg vil kommunen kunne varsle innbyggjarane ved situasjonar der bygningar, liv og helse kan vere i fare. Brann, flom, ras, eksplosjon etc.

Data frå folkeregisteret ønskjer kommunen å nytte for å få eit best mogleg register over alle dei som bur innanfor eit gitt geografisk område. I tillegg til folkeregisteret vil både GAB og databaser frå dei ulike fast- og mobiltelefonoperatørane verte nytta.

Til å varsle nyttar kommunen UMS sitt befolkningsvarslingssystem PAS (Population Alert System). PAS er eit web-basert system for varsling av innbyggjarane via det offentlege telefonnettet, der Biznode (tidlegare Direktmedia Matchit) leverer den underliggjande telefondatabasen. Tilgang til systemet vert gitt gjennom sikker og kryptert forbindelse via IP. PAS er tilrettelagt for kritisk drift og er svært godt fysisk sikra. Dokumentasjon og beskriving av PAS kan leggjast fram dersom det er påkrevd.

Kommunen ønskjer å nytte UMS og Biznode (tidligere Direktmedia Matchit) som databehandlere. Både UMS og Biznode ivaretek sikker og kvalitativ drift og databehandling i samsvar med reglane i personopplysningslova § 15.

Kommunen ønskjer å nytte følgjande data:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Personnummer
- Slektsnamn
- Fornamn
- Mellomnamn
- Bustadsadresse
- Numerisk adresse (gatekode)
- Postnummer
- Poststed
- Kommunenummer
- Gardsnummer
- Bustad nummer
- Bruksnummer
- Familienummer
- Personkode (referanseperson, ektefelle, barn)

Meland kommune Vi håper med dette på en rask og positiv behandling av søknaden.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Jens Erik Dahl  
drifts- og vedlikehaldsleiar

**Mottakere:**

Skattedirektoratet - Sentralkontoret    Postboks 9200    0134    OSLO  
for folkeregistrering    Grønland